

# Utviklingsplan skuleåret 2017 - 2018

## Orstad skule

Ein trygg stad å vera,  
Ein god stad og læra



## **Innhald**

- 1 Innleiing
- 2 Heilskapleg status, læringsresultat og læringsmiljø ved Orstad skule
  - 2.1 Trendutvikling læringsresultat
  - 2.2 Trendutvikling læringsmiljø
- 3 Prioriterte utviklingsområde for Orstad skule 2017/2018
- 4 Framdriftsplan

## 1. Innleiing

Tidlegare har Klepp kommune i større grad vedteke utviklingsområde for skulane. Frå og med skuleåret 2014/2015 er det skulane sjølv som prioriterer desse ut frå analyse og behov. Det lokale handlingsrommet vil kunna gje relevante og presise tiltak, og skapa eit godt grunnlag for gode medskapingsprosessar på skulenivå.

Med omgrepet utviklingsområde meiner vi skulen sine prioriterte område for utvikling av ny praksis og ny kompetanse. For oss er det viktig med få utviklingsområde.

I tillegg til arbeidet med utviklingsområda vil det vera viktig å arbeida med vedlikehald og vidareutvikling av praksis og kompetanse på andre område. Dette vert ikkje omtalt i utviklingsplanen, men vert ivareteke gjennom skulen sine interne rutinar.

Det som er styrande for arbeidet på Orstad skule og Jærskulen er dei nasjonale måla og måla i mål- og prinsippdokumentet for Jærskulen.

Dei sentrale måla for Jærskulen, formulert i mål- og prinsippdokumentet, er knytt til styrking av elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte.

Vi har no fått eit lokalt handlingsrom, og då er det avgjerande at vi har gode analysar som grunnlag for prioriteringane våre. Det handlar om å gjera gode analysar som grunnlag for prioriteringar. Elevundersøkinga, nasjonale prøver og kartleggingsprøver er sentrale i arbeidet.

Orstad skule har drive eit godt utviklingsarbeid gjennom mange år. I skuleåret 2016/2017 har skulen hatt Ungdomstrinn i utvikling UIU med skriving og lesing som satsingsområde.

Orstad læringscenter (ATO) har hatt eigne satsingar andre år. Dette året vil dei inngå i same satsing som heile skulen.

## 2. Heilskapleg status, læringsresultat og læringsmiljø ved Orstad skule

### 2.1 Trendutvikling læringsresultat

#### LESEKARTLEGGING OG ELEVAR UNDER KRITISK GRENSE

##### 1. TRINN

	2016	2017
Å skriva bokstavar	8,57% 3 elevar	<b>25%</b> <b>6 elevar</b>
Å finna lyder ord	2,85% 1 elev	12,5% 3 elevar
Å trekka saman lydar til ord	8,57% 3 elevar	8,33% 2 elevar
Å stava ord	11,42% 4 elevar	12,5% 3 elevar
Å lesa ord	8,57% 3 elevar	16,67% 4 elevar
Å lesa er å forstå	14,28% 5 elevar	0

**2. TRINN**
**3. TRINN**

	2016	2017	2016	2017
Å lesa ord	<b>25,93%</b> 7 elevar	8,82% 3 elevar	0 elevar	3,7% 1 elev
Å forstå ord	<b>25,93%</b> 7 elevar	<b>20,6%</b> 7 elevar	9,52% 2 elevar	11,11% 3 elevar
Å stava ord	<b>25,93%</b> 7 elevar	<b>20,59%</b> 7 elevar	4,76% 1 elev	11,11% 3 elevar
Å lesa er å forstå	14,82% 4 elevar	11,77% 4 elevar	9,52% 2 elevar	11,11% 3 elevar

**REKNING OG ELEVAR UNDER KRITISK GRENSE**
**1. TRINN**
**2. TRINN**
**3. TRINN**

2016	2017	2016	2017	2016	2017
5,71%	8,33%	14,8%	8,82%	4,76%	3,7%
2 elevar	2 elevar			1 elev	1 elev

**Resultat 5. trinn nasjonale prøvar: (gj.snitt nasjonalt 50)**

Engelsk 2014	Engelsk 2015	Engelsk 2016	Lesing 2014	Lesing 2015	Lesing 2016	Rekning 2014	Rekning 2015	Rekning 2016
50	53	49	49	51	49	47	52	51

**Resultat 8. trinn nasjonale prøvar: (gj.snitt nasjonalt 50)**

Engelsk 2014	Engelsk 2015	Engelsk 2016	Lesing 2014	Lesing 2015	Lesing 2016	Rekning 2014	Rekning 2015	Rekning 2016
53	49	54	-	50	55	47	51	55

**Resultat 9. trinn nasjonale prøvar: (gj.snitt nasjonalt 53-54)**

Lesing 2014	Lesing 2015	Lesing 2016	Rekning 2014	Rekning 2015	Rekning 2016
51	53	52	54	53	55

**Standpunktkarakterar:**

Indikator og nøkkeltall	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16
Engelsk skriftleg	4,0	4,0	4,2	3,8	4,0
Engelsk munnleg	4,1	4,2	4,3	4,0	4,3
Fransk 1	.				.
Spansk 1	3,9	3,8	3,9	3,8	4,7
Tysk 1	3,7	4,3	4,1	3,9	3,2
Kunst og handverk	4,4	4,0	4,1	4,0	4,0
Kroppsøving		4,2	4,4	4,4	4,0
Matematikk	3,4	3,6	3,6	3,5	3,3

Mat og helse	4,5	4,4	4,1	4,3	4,0
Musikk	4,2	4,0	4,1	3,6	3,7
Naturfag	4,0	3,9	4,2	4,0	3,5
Norsk hovudmål	3,9	3,9	4,0	3,7	3,3
Norsk sidemål	4,0	3,7	3,9	3,5	3,1
Norsk munnleg	4,1	4,2	4,1	4,0	3,8
Religion, livssyn og etikk (KRLE)	4,1	3,9	4,2	4,2	3,7
Samfunnsfag	4,0	4,3	4,3	4,0	3,9

### Eksamenskarakterar:

Indikator og nøkkeltall	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16
Engelsk skriftleg eksamen	3,8	4,0	3,7	3,0	3,6
Engelsk munnleg eksamen				4,9	4,5
Matematikk skriftleg eksamen	3,0	3,3	3,4	3,8	3,7
Matematikk munnleg eksamen			.	4,3	3,7
Naturfag munnleg eksamen				4,3	4,8
Norsk hovudmål skriftlig eksamen		3,4	3,2	3,2	3,2
Norsk sidemål skriftleg eksamen		3,6	3,1	2,8	3,1
Religion, livssyn og etikk munnleg Eksamen				4,4	
Kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) munnleg eksamen					4,6
Samfunnsfag munnleg eksamen				4,3	

### Grunnskulepoeng

Indikator og nøkkeltall	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	40,3	40,2	40,6	39,1	37,7

Vi har jobba systematisk med lesing over fleire år. Dei faglege resultatane kunne etter vårt syn likevel ha vore betre. Viss vi ser på dei minste trinna ser vi at elevane har hatt god utvikling, då dei same elevane scorar betre samanlikna med seg sjølv f.eks frå 2. til 3. trinn. Vi har skuleåret 2016/2017 jobba med utviklande matematikk og SLT+ på 1. trinn for å heva resultatane. 1. trinn startar opp med det same hausten 2017.

Resultata på nasjonale prøver har vore litt opp og ned dei siste åra. Det ligg rundt nasjonalt snitt. Vi har for mange elevar på dei ulike trinna som burde og kunne ha prestert i ein høgare prøveklasse. Vi var spente på resultata dette året. Det syner at 8. trinn scorar høgt i landet, mens 5. og 9. trinn scorar rundt nasjonalt snitt.

Orstad skule har mange gode resultat ved skriftleg og munnleg eksamen. Resultata ved eksamen i norsk hovudmål og sidemål kunne likevel vore betre. Pila har peika litt nedover, noko vi sjølv sagt ikkje er nøgde med. Sist skuleår valde vi difor skriving som område. Difor valte vi å baka det inn i UIU – klasseleing. Vi fortset med dette inn i neste år.

## 2.2 Trendutvikling læringsmiljø

### Elevundersøkinga 7. trinn

Indikator og nøkkeltall	13-14	14-15	15-16	16-17
Læringskultur	3,8	3,8	3,9	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,8	3,4	3,6	4,0
Fagleg utfordring	3,8	3,9	4,1	4,0
Felles reglar	4,3	4,0	4,2	4,2
Trivsel	4,4	4,0	4,1	4,5
Meistring	3,9	4,1	4,3	4,1
Støtte fra lærarane	4,3	4,1	4,0	4,4
Motivasjon	3,6	3,6	3,5	3,7
Vurdering for læring	3,5	3,6	3,9	3,9
Støtte heimanifrå	4,4	4,4	4,5	4,3
Mobba av andre elevar på skulen	1,1	1,5	1,2	1,5

### Elevundersøkinga 10. trinn

Indikator og nøkkeltall	13-14	14-15	15-16	16-17
Læringskultur	3,7	4,1	3,8	3,5
Elevdemokrati og medverknad	3,0	3,5	3,1	3,3
Fagleg utfordring	4,3	4,2	4,5	4,0
Felles reglar	3,6	4,2	4,1	3,9
Trivsel	4,2	4,0	3,9	4,1
Meistring	3,8	4,1	4,0	4,1



Utdanning og yrkesrettlegg	3,5	4,1	3,9	3,9
Støtte fra lærarane	3,8	4,3	4,2	4,0
Motivasjon	3,2	3,5	3,3	3,4
Vurdering for læring	3,0	3,5	3,3	3,1
Støtte heimanifrå	3,5	4,0	3,8	4,6
Mobba av andre elevar på skulen	1,4	1,4	1,2	1,3

Orstad skule kunne nok ha scora betre på ulike område på elevundersøkinga. Det som er bekymringsfullt er at det er ein del som seier at de vert mobba på skulen på 7. trinn, gjennom fleire år. Leiinga ved skulen vil saman med dei tilsette sjå på korleis vi vil arbeida vidare med utfordringane. Som skule har vi valt delar av programmet « Det er mitt val», og dei tilsette skal ha kurs inn i nytt skuleår. Vi har laga ein forpliktande plan for innhald på kvart trinn. Denne skal vi følgja opp og gjennomføra kommande skuleår, og det er godt innarbeidd. Ein ny plan for eit godt psykososialt miljø er under arbeid og skal ut på høyring i august månad. I planen vil det koma fram korleis vi skal avdekka mobbing, og korleis vi skal handla blant dei tilsette. Elevundersøking frå 1. – 4. trinn med namn blir vidareført, samt undersøkingar på ungdomstrinnet ofte for å sjekka om læringsmiljøet er optimalt. Klasseleiing og relasjonsbygging er ein del av UIU, og mobbing og relasjonsarbeid ser vi som ein del av dette arbeidet.

Innan læringskultur, motivasjon og elevdemokrati/medverknad kunne det og ha vore betre resultat. Difor er UIU og IKT som grunnleggjande dugleik viktige satsingar inn i neste år. Det at alle tilsette og elevar får læringsbrett trur vi er viktig for å heva resultatata på området.

Ungdomstrinn i utvikling - UIU vert vidareført inn i neste år. Det er ei nasjonal satsing der vi skal samarbeida med Orre skule. Vi har valt klasseleiing med skriving. Fokusområde vil vera struktur/reglar, relasjonsbygging og motivasjon. Satsinga er for heile skulen.

### 3. Prioriterte utviklingsområder for Orstad skule 2017/2018

Vårt fokus kjem til å vera klasseleiing med skriving. Det er ei nasjonal satsing der alle skular som har ungdomstrinn er med i ulike puljer. Hovudmålsetjinga med satsinga er å få endå betre klasseleiing med ein meir variert, relevant, utfordrande og variert kvardag for elevane. I tillegg er det jo sentralt at vi vert ein endå meir lærande organisasjon. Vi baker inn dette med skriving i satsinga då vi er godt i gang med utviklinga her. Det handlar om at elevane skal styrka sin skrivedugleik og etter kvart bli funksjonelle og kompetente skrivarar. Gjennom skriving at ein får uttrykt eigen kompetanse og kunnskap i skulearbeidet, og vi må gje elevane skriving som verktøy for å formidle eigen kunnskap som dei sit inne med. Vi vil arbeide med skriving slik at elevane utviklast til strategiske skrivarar. Vi er godt i gang og samarbeider godt med Orre skule. Alle frå 1. – 10 trinn er med.

Nytt område neste år er IKT som grunnleggjande dugleik i alle fag. Eit sentralt verktøy her er læringsbrett. Vi har tru på at dette skal gjera noko med læringskulturen, elevdemokrati /medverknad og ikkje minst motivasjon for arbeidet. Vil vil bruka mykje tid på dette. Lesing vil gå inn i drift.

**Prioritert utviklingsområde:**

<b>Område 1</b>	<b>Ungdomstrinn i utvikling –klasseleing</b>
<b>Mål</b>	Vidareutvikla Orstad skule som ein lærande organisasjon. Fokus på klasseleing og meir variert undervisning i læringa. Praktisk – relevant – utfordrande - variert
<b>Delmål</b>	<p>Dei tilsette har ei felles forståing av at vi saman utviklar skulen vidare – alle kjenner at dei har ei viktig rolle i arbeidet.</p> <p>Vidareutvikla ein profesjonalitet som gir god læring for elevane.</p> <p>Vi skal utvikla undervisninga slik at elevane opplever den meir praktisk, relevant, utfordrande og variert – PRUV.</p> <p>Vi skal kjenneteiknast av at vi har ein kultur der det er greitt å gje beskjed om nokon har ei åtferd som strid imot det vi er einige om.</p> <p>Vi skal ha struktur og reglar.</p> <p>Vi skal bli gode til å motivera og ha positive forventningar til elevane.</p> <p>Vi skal støtta eleven sosialt og fagleg.</p> <p>Prøva å observera kvarandre – tilbakemelding.</p> <p>Vi har ein god relasjon til elevane.</p>
<b>Milepæler</b>	<p>Alle trinn har etablert gode rutinar og reglar.</p> <p>Alle trinn har satt opp 2-3 delmål om kor dei skal vera til jul ++.</p> <p>Alle på trinn/team har observert kvarandre og gitt konstruktive tilbakemeldingar (så langt som mogleg).</p> <p>Alle pedagogar har utvikla undervisningsopplegg etter PRUV.</p> <p>Alle trinn har presentert for kvarandre gode tips, idear og undervisningsopplegg etter PRUV.</p> <p>Alle skriv refleksjonar i refleksjonsboka.</p>
<b>Tiltak</b>	<p>Planleggja klyngesamlingane med Orre skule godt.</p> <p>Planleggja god PU - tid med personalet.</p> <p>Arbeida med kulturen på Orstad.</p> <p>Arbeida med fagstoff frå Udir – diskutera – prøva ut, reflektera.</p> <p>Faste møte mellom ressurslærer og leiinga.</p> <p>Vil vurdera å få rettleiing inn rundt utfordrande adferd.</p>
<b>Kompetanse</b>	Kompetanse som pedagogane tileignar seg skal syna igjen i læringsromma. Pedagogane skal bli betre i motivasjonsfasen, og det skal vera fokus på å få ein god relasjon til alle elevar.
<b>Evaluering</b>	<p>Evaluering av praksis på trinn, team og fellesmøte.</p> <p>Undervegsvurdering i høve til milepæler.</p> <p>Evaluering saman med elevane, elevrådet og FAU</p>



Område 1	Skriving i alle fag
<b>Mål</b>	<p><b>Elevane skal styrka sin skrivedugleik</b>            Alle elevane skal bli funksjonelle og kompetente skrivarar.            Skapa felles forståing for skriving som grunnleggjande dugleik.            Auka kompetansen om god skriveopplæring.</p>
<b>Delmål</b>	<p>Integrera skriving som grunnleggjande dugleik i skulens sitt læringsarbeid i alle fag.            Elevane skal få auka kompetanse i å skriva fagtekstar.            På sikt utvikla ein skriveplan for alle trinn.</p>
<b>Milepælar</b>	<p>Alle trinn har skriveveke når det passar inn i deira planar.            Vi hentar tips og idear gjennom skrivesenteret.            Elevar og foreldre vil få framovermelding i høve til skriving minst to gonger kvart år (utviklingssamtale).            Skriving er tema på alle foreldremøter/utviklingssamtalar.            Fag og tema skal vera utgangspunkt for skrivinga. Skriva på fagets premisser (kompetansemål i læreplan).            Det skal tidlegast mogleg arbeidast med fagtekstar, som utfordrar elevane.            Alle trinn arbeider etter skriveplan når den er ferdig.            Leiinga har møte med trinna i høve til resultat. Utprøving, erfaringslæring, refleksjonar og diskusjonar i fellestid.</p>
<b>Tiltak</b>	<p>Planleggja PU - tida godt – god fasilitering.            Faste møte på trinn/avdeling.            Arbeida med fagstoff – diskutera – prøva ut, reflektera.            Fleire fagsamlingar.</p>
<b>Kompetanse</b>	<p>Kompetanse som pedagogane tileignar seg skal syna igjen i læringsrommet. Pedagogane skal gje støtte i skrivinga i alle fag.            Alle pedagogar kjenner godt til kompetansehevinga, og kan nytta kompetansen i utviklingssamtalar og framovermeldingar til elevar og foreldre/føresette.            Pedagogane gjer tiltak på trinna ut frå resultata som kjem fram.</p>
<b>Evaluering</b>	<p>Evaluering av praksis på trinn, lag og i fellesmøter.            Undervegsvurdering i høve til milepælar.            Evaluering med elevane og elevrådet.</p>

**Prioritert utviklingsområde:**

Område 2	IKT som grunnleggjande ferdigheit
<b>Mål</b>	<p><b>Elevane utviklar IKT kompetanse i alle fag</b>  <b>Elevane er engasjerte i eiga læring</b>  <b>Alle lærarane har teke i bruk læringsbrettet for å variera undervisninga på ein engasjerande og læringsfremjande måte.</b></p>
<b>Milepælar/delmål</b>	<p>Elevane er aktive i timane ved å arbeida praktisk gjennom samarbeid, deling, problemløysing, presentasjonar, samtale og diskusjonar.  Elevane er medvitne om neste steg i læreprosessen.  Lærar og elev har kunnskap om, og er trygge i bruken av læringsteknologi.  Lærar har stor bruk av læringsbrett der det er naturleg i undervisninga.  Lærar og elev har kunnskap om og er trygge i bruken av læringsteknologi.  Elevrådet vil ha digitale lærebøker, omvendt undervisning og at lekser vert gjort gjennom læringsbrettet.  Lærarar og elevar har læringsbrett som fokus på foreldremøta.  Gje lekse til elevane slik at foreldre kjem inn i tenkinga rundt appar mm.</p>
<b>Tiltak</b>	<p>Lærarane har fokus på å leggja opp til samarbeid, deling, presentasjonar, utfordringar, samtale og diskusjonar i undervisninga si.  Eleven er den som er mest aktiv i timane jmf. punkt over.  Utdeling av læringsbrett til alle elevar og vaksne.  Fokus i PU - tid gjennom året. Deling og utveksling av tekniske og didaktiske erfaringar.  Vurdera digitale læremiddel fortløpande.  Vi vil tryggja kompetansen i aktuelle appar og bruk av læringsbrett.  Eigen ressurslærar med nedsett tid.  Gje lekse og ha læringsbrett som tema på foreldremøte.</p>
<b>Kompetanse</b>	<p>Kompetanse som lærarane tileignar seg skal syna igjen i læringsrommet. Pedagogane skal gje støtte og nytta læringsbrett i alle fag. Alle pedagogar kjenner godt til kompetansehevinga, og kan nytta kompetansen i utviklingssamtalar og framovermeldingar til elevar og foreldre/føresette.  Pedagogane gjer tiltak på trinna ut frå resultat som kjem fram.</p>
<b>Evaluering</b>	<p>Evaluering av praksis på trinn, lag og i fellesmøter.  Undervegsvurdering i høve til milepælar.  Evaluering med elevane og elevrådet.</p>

## 4. Framdriftsplan

Framdriftsplanen syner tidsrammer for planlegging, gjennomføring og evaluering av prioriterte områder. Planen er ei framstilling av ønska utvikling. Når utviklingsområder vil gå over til drift vil evalueringa danna grunnlag for.

Fargekodar:

Planlegging	Yellow
Gjennomføring	Green
Evaluering	Red
Drift	Blue

Utviklingsområder	2014/2015		2015/2016		2016/2017		2017/2018		2018/2019	
	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår
<b>Utvikling av lesedugleik i alle fag</b>	Yellow	Green	Red	Green	Green	Green	Red	Blue		
<b>Sosial kompetanse</b>	Yellow	Green	Red	Green	Blue	Blue	Blue	Blue		
<b>Skrivning</b>		Yellow	Green	Green	Blue	Blue	Green	Green		
<b>Klasseleing</b>				Yellow	Green	Green	Green	Green		
<b>Rekning i alle fag</b>	Green	Green	Green	Green	Blue	Blue	Blue	Blue		
<b>Læringsbrett</b>						Yellow	Green	Green		